

**Fra:** Thomas Bjørkeland (Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 25.10.2017 09:09:32

**Til:** Elizabeth Warren

**Kopi:**

**Emne:** RE: Oppstart og planprogram for rullering av kommmuneplan for Meland

**Vedlegg:** image001.png

## **Vedr. Oppstart og planprogram for rullering av kommmuneplan for Meland kommune.**

Vi viser til e-post fra Hordaland Fylkeskommune motteke 10.10.2017.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Vårt ansvarsområde, etter føreseggn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkæologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigkeit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavdelinga, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekommstar av kulturminne, eventuelt en vurdering av regulerings-/ tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Vi kan nemne at det har blitt gjort funn av maritime kulturminner ved Littlebergen (id: 123730). Området er registrerte i Askeladden/Kulturminnesøk som *godt egnet som ankringsplass, og ligger strategisk plassert ved den indre farleia langs kysten. Det er gjort flere løsfunn i området, blant annet stein- og leirgods, samt krukkefragmenter som tyder på maritim bruk av Flatøyosen fra 1600-tallet og utover.* Det er også registrert skipsvrak i Askeladden. Bark Eline (id: 89151-1) som gikk ned i 1912 ved Skjellanger. Det skal vera restar av båten igjen, og desse er automatisk verna sidan dei er eldre enn 100 år. Meland har også fleire ankringsstader for båtar som er nemnd i eldre losbøker frå 1800-talet.

Ei konsekvensutreiling med tanke på marine kulturminne for alle kommmuneplanens utbyggingsområde i sjø vurderer me som en uforholdsmessig stor jobb både praktisk og økonomisk, og bør slik me ser det ikkje være en del av den prosessen som nå planleggjast. På grunn av planområdets store omfang føretrekks me at tiltak blir førelagde oss på regulerings- eller byggeplannivå. Då vil trulig planane også være meir konkrete i utforming og omfang.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Fitjar kommune om føljande:

- **å sorgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utredes med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.**
- **å sorgje for at kommunedelplanens føreseggn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som**

**skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.**

For STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland  
Marinarkeolog  
Tlf: 55 54 96 11  
[marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)

---

**From:** Elizabeth Warren [mailto:[Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no](mailto:Elizabeth.Jan.Warren@hfk.no)]  
**Sent:** Tuesday, October 10, 2017 11:08 AM  
**To:** [marinarkeologi@sjofartsmuseum.no](mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no)  
**Subject:** Oppstart og planprogram for rullering av kommmuneplan for Meland

Oversender plan til vurdering. Fint om vi kan få tilbakemelding innan torsdag 2. november.

Venleg helsing

**Elizabeth Warren**  
Seniorrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | fylkeskonservator  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**  
Tlf: 55 23 91 98 | Mob: 958 954 68  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)